

HELSE FØRDE HF  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

## Høyringsuttale strategi for forskning og innovasjon Helse Førde

Vi viser til dykkar høyringsbrev med dato 16. mars 2020, formidla på e-post til seksjonssjef Endra Høgalmen i Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv den 27. mars.

Her er uttale frå Vestland fylkeskommune. Uttalen har ikkje vore behandla politisk.

**Samarbeid** er løfta fram som det særlege fortrinnet - og den viktigaste metoden - for forskning og innovasjon i Helse Førde. Samarbeidet skal vere konkret og forpliktande. Samarbeid med eksterne inkluderer kommunane, næringsliv og akademiske institusjonar i regionen er tenleg og heilt i tråd med den praksis Helse Førde har hatt over tid.

I den samanheng kan vi peike på at fylkeskommunen har ansvar og roller på tilgrensande ansvarsområde, spesielt den offentlege tannhelsetenesta men også det breie folkehelsearbeidet.

### Tannhelse

Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal sørge for at tannhelsetenester er tilgjengeleg for alle som bur og midlertidig oppheld seg i fylket vårt. I dette arbeidet er også tannhelsetenesta sitt kompetansesenter - TkVestland - sentralt, med omsyn til rådgjeving, kursing og klinisk, praksisnær forskning. Tannhelsetenesta skal spesielt gje eit regelbunden og oppsøkjande tilbod til (prioriterte grupper som) barn og unge 0-18 år, personar med (psykisk) utviklingshemming i og utanfor institusjon, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie (inkl personar med psykisk lidning) og til personar med ruslidingar. For å få dette til, er kommunane ein av våre viktigaste samarbeidspartar.

I den reviderte strategien for forskning og innovasjon, vert det lagt vekt på Helse Førde sitt samarbeid med kommunane. Vestland tannhelseteneste har utarbeidd samarbeidsavtalar med kommunane i Vestland. Avtalane skildrar korleis samarbeidet mellom kommunen og tannhelsetenesta må vere for at vi skal kunne gje eit regelbunden og oppsøkjande tilbod i heile Vestland. Samarbeidsavtalane er nyleg revidert og skal (ny-)signerast med alle kommunane i løpet av 2020. Avtalane er spesielt med på å sikre eit godt tannhelsefagleg tilbod til våre prioriterte grupper. I tillegg er samarbeidsavtalane eit «verktøy» for tannhelsetenesta i arbeidet med å jamne ut sosiale skilnader i helse mellom folk. I eit folkehelseperspektiv er samarbeidet med kommunane med på å skape forståing for at tannhelse heng nøye saman med folk sin generelle helse, trivnad og velvære.

## Folkehelse

Det breie folkehelsearbeidet til fylkeskommunen handlar om levekår og livskvalitet. Sosial utjamning er ei rettesnor for folkehelsearbeidet. Der har helsevesenet få verkemiddel. I HelseOmsorg21 er god folkehelse definert som god (fysisk og mental) helse for innbyggjarane.

Fylkeskommunane har ei lovpålagd oppgåve å støtte kommunane i deira tverrsektorielle og systematiske folkehelsearbeid. I vårt folkehelsearbeidet er difor samhandling med kommunane og å støtte innovasjon i kommunesektoren sentralt.

Om *Mål 4 Utvikle forskingssamarbeid med kommunane.*

Til liks med helsevesenet har også fylkeskommunane både ei rettesnor og eit krav om kunnskapsbaserte tiltak i folkehelsearbeidet - dette er spesielt gjenspegla i Program for folkehelsearbeid i kommunane, barn og unges livskvalitet og psykiske helse (0-24 år). Dette er eit 10-årig program der alle fylka i landet no er innlemma. Krava til fylkeskommunen minner såleis mykje om retningslinene sett opp i HelseOmsorg21:

*(...) Det må utvikles nye regionale samarbeidsorganer for forskning mellom kommunene og forsknings- og utdanningsinstitusjonene. Disse må ha tett dialog med eksisterende regionale samarbeidsorgan. HelseOmsorg21 anbefaler: HelseOmsorg21 helhetlig instituttsektor for kommunene gjennom en videreutvikling av dagens kompetanse-, kunnskaps-, utviklings- og forskningssentre som er innrettet mot kommunenes behov. (...) Det må forutsettes at disse tydelig knyttes opp til forsknings- og utdanningsmiljøer (UoH-sektor) og til kommunesektoren, og får en målrettet kvalitetsforbedring gjennom nasjonale tiltak. (sitat slutt) HelseOmsorg21, s.38.*

Dette opnar for samarbeidsområde etter kvart som desse måtte utkrystallisere seg.

**System for å utvikle og ta i vare innovasjonskompetanse** kan vere utfordrande å få på plass.

Helse Førde kunne vurdert å ha tydelegare formulerte mål og indikatorar for kompetanse på innovasjonsverktøy, samskaping og medverking, som ein ønsker å nytte. Det finst ikkje standard indikatorar som for forskningssida (tal personar med Ph.d., til dømes), som ein lett kan innføre, men det er verdt å vurdere eit litt tydelegare grep i strategien for å fremme systematisk innovasjonsarbeid.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen  
Seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*